

## Personlige opplevelser

# Ei legetilsettingsak med dramatikk

107691

### Om striden ved Klaksvik sjukehus på Færøyane 1953–56

Færøyingane er vanlegvis eit fredeleg folkferd. På 1950-talet var det likevel tilstander som langt på veg minna om væpna opprør. Bakgrunnen for konflikten var ei legetilsetting.

Olaf Halvorsen var under den tyske okkupasjonen livlege for Danmarks «Quisling». Som straff vart han ekskludert av den danske legeförening og «forvist» til Færøyane. Her fekk han eit vikariat som lege ved Klaksvik sjukehus. Færøyane var under krigen okkupert av engelskmennene. Dette var på mange måtar ei god tid og innbyggerane hadde heilt andre erfaringar enn danskane med okkupasjon. Den fagleg dyktige, men politisk uheldige legen vart raskt både godtatt og respektert i Klaksvik. Dessutan meinte mange at danskane hadde overreagert og at behandlinga av Halvorsen var urettferdig.

Danskane såg på tilsetninga som ei midlertidig ordning og da det i 1953 melde seg ein akseptabel kandidat, ville dei skifte ut Halvorsen med færøyingen Rubeck Nielsen. Dette sette lokalbefolkninga seg kraftig imot trass i at Nielsen hadde nær familie i Klaksvik. Under krigen var færøyingane blitt vande med indre sjølvstyre og såg på utskiftinga som eit dansk overgrep. Ni tideler av innbyggerane i Klaksvik kravde å få behalda Halvorsen.

Året etter var situasjonen like fastlåst, og den danske statsminister Hans Hedtoft greip inn. Han øvde press på lokale færøyske styresmakter, Landsstyret (regjeringa), utan resultat. I 1955 kom det imidlertid forslag i Lagtinget i Torshavn (nasjonalforsamlinga) om å legalisera tilsetninga av Halvorsen. I april blei dette nedstemt, og Lagtinget støtta dermed det danske kravet.

Deretter reiste ein delegasjon av danske embetsmenn og færøyske folkevalde sjøvegen til Klaksvik for å tvinga igjennom utskiftinga av Halvorsen. Lokalbefolkninga reagerte med ein kraftig konfrontasjon. Demonstrantar jaga delegasjonen ombord igjen på rutebåten og kappå fortøyningane.

På denne provokasjonen reagerte danske styresmakter med å rekvirera 120 politifolk frå København. Stemninga var nå svært opphissa, og svaret frå Klaksvik kommunestyre var drastisk. Hamneinnløpet blei sperra med eit gammalt skip fylt med sprengstoff. I tillegg vart det organisert vakthald og generalstreik. I denne tilspissa situasjonen intervernerte den danske finansministeren Kampmann. Forhandlingane mellom han og Klaksvik kommunestyre resulterte i at generalstreiken vart avblåst, hamneblokaden heva, og skipet med danske politifolk omdirigert.

Vidare forhandlingar mellom Klaksvik kommune og Landsstyret på Færøyane konkluderer med at Bjarne Jordal får tilbod om stillinga som sjukehuslege. Rubeck Nielsen blir oppmoda om å ta imot ei anna stilling og Olaf Halvorsen om å forlate Færøyane.

I september vedtar imidlertid innbyggerane i Klaksvik på eit folkemøte ein resolusjon der dei krev å få tilbake Olaf Halvorsen. Riksombudsmannen og medlemmer av Landsstyret som da oppheldt seg i Klaksvik, blir sperra inne og pressa til å skrive under ei erklæring om at Halvorsen skal bli. Dansk-færøyske styresmakter svarar med å senda dansk politi til Klaksvik. Fleire «opprørarar» blir arresterte og seinare dømde til fengselsstraff. Nå reagerer Klaksvik-folket med

å senda ein stor delegasjon til Torshavn. Kravet er fjerning av dansk politi, ev. utskifting med færøyske politifolk.

Så tar utviklinga ei svært alvorleg vending. Den færøyske lagmann (statsminister) Kristian Djurhuus støtta det danske embetsverket med Riksombudsmannen i spissen. I november blir heimen hans i Tvørøyrri på Suderøy utsett for attentatforsøk med maskingevær. Huset stod tilfeldigvis tomt og ingen kom til skade. Gjermingsmannen kom seg unna og ingen er dømt for attentatforsøket. Dagen etter blir situasjonen ytterlegare tilspissa. Det blir konstatert at huset i Klaksvik som var innleigd til losji for dansk politi, er blitt underminert med dynamitt. Også dette er aldri blitt oppklart. Etter ytterlegare attentatforsøk blir dansk politi skifta ut med færøysk.

I 1956 blir konflikten endeleg løyst. Knud Seedorf blir tilsett som sjukehuslege i Klaksvik, og Rubeck Nielsen aksepterer ei stilling ved Suderøy sjukehus. Olaf Halvorsen reiser til København.


Folket i Klaksvik har alltid vore vanskelege å styra for danske embetsmenn. Konflikten har sin bakgrunn i forholdet mellom Danmark og Færøyane og blei ei «merkesak» for det lokale sjølvstyret også internt på Færøyane. Det er på denne bakgrunn ein må prøva å forstå det som skjedd.

Birger Valen  
Fylkesjukehuset  
5500 Haugesund

Se annonse side 3544

#### Litteratur

I. Madsen H. Færøerne i 1000 år. Vadum: Skuvanes, 1990. ○



Sykehuset i Klaksvik gir i dag inntrykk av fred. Foto B. Valen